



**Denne PDF-porteføljen bør åpnes i Acrobat X
eller Adobe Reader X eller senere.☒**

Skaft deg Adobe Reader nå!

Fra: [post](#)
Til: [Mats Knutsen](#)
Emne: VS: Uttale - Oppstartsmelding - Meland - Ryland - B11 / B15 - Bustader - Detaljregulering
Dato: torsdag 23. august 2018 08:16:30

Skrevet inn i postjournal.

Med beste helsing
Kari Johannesen
Dagleg leiar/planleggar
Mob: 95832614
Ard arealplan as

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no <fmhopostmottak@fylkesmannen.no>
Sendt: onsdag 22. august 2018 15:18
Til: post <post@ardarealplan.no>
Kopi: postmottak@meland.kommune.no
Emne: Uttale - Oppstartsmelding - Meland - Ryland - B11 / B15 - Bustader - Detaljregulering

Meland kommune - uttale til oppstart av detaljregulering for Ryland - B11/B15 - Planid 1256 2017 0001

Dykkar referanse: ard16041

Vi viser til dykkar brev av 03.07.2018 med melding om oppstart av planarbeid.

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for bustader innanfor felte B11 og B15 i arealdelen av kommuneplanen.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar.

Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Fylkesmannen vil likevel kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Klima og energi

Kommunen skal i planlegginga si innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusera utslepp av klimagassar og sikra meir effektiv energibruk og meir miljøvenleg energiomlegging, jf. statlege planretningslinje for klima- og arealplanlegging. Vi viser også til dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging. Der vert det peika på at kommunane skal legge vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.

Vi viser også til miljødirektoratet si nettside www.klimatilpasning.no der ein finn aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing.

Samordna bustad, areal og transportplanlegging

I følge statlege retningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging skal utbyggingsmønster og transportsystem samordnast for å oppnå effektive løysingar, slik at transportbehovet vert avgrensa og ein legg til rette for klima- og miljøvennlege løysingar.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utviklinga av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformar.

Utvikling av nye, større bustadområde må sjåast i samanheng med behovet for infrastruktur.

Planlegging skal bidra til å styrka sykkel og gange som transportform.

Barn og unge

Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår skal etter pbl § 1-1 femte ledd og pbl § 3-1 første ledd bokstav e ivaretakast i den kommunale planlegginga. Rikspolitiske retningslinjer av 01.09.1989 og rundskriv T-2/08 stiller nærmare krav til ivaretaking av barn og unge sine interesser i planprosessen. Kommunen skal organisere planprosessen slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, for at synspunkt som gjeld barn skal kome fram og verte ein del av prosessen. Vi viser elles til temarettleiar T-1513 om barn og unge og planlegging etter plan- og bygningslova, samt rettleiar H-2302 om medverknad i planlegging.

Barn skal ha areal i nærmiljøet der dei kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. For å få det til må ein ha tilstrekkeleg store areal som eignar seg for leik og opphald og som gir høve til ulike typar leik til ulike årstider. Areala må vidare kunne brukast av ulike aldersgrupper og gi høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.

Der ein endrar arealformål for areal som er sett av til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna til leik, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal, jf. pkt. 5d i retningslinjene. Det er også krav om fullverdig erstatningsareal ved omdisponering av uregulert areal som er i bruk til eller er eigna til leik.

Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremme

helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.

Busetjing av flyktningar

Fylkesmannen rettar særleg merksemd i plansamanheng på bustad, integrering og mangfald, og oppfordrar kommunane til å busette fleire flyktningar. Kommunane i Hordaland skal bu-setje flyktningar i samsvar med dei nasjonale måla for rask busetting. Planarbeidet i kommunane er ein av reiskapane for å få til god busetting av flyktningar over tid. Vi ber difor kommunen om å vurdere om denne planen er eigna for å få busett flyktningar.

Det er også understreka i dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging at kommunane i planlegginga si må legge til rette for tilstrekkeleg og variert bustadbygging tilpassa ulike grupper sine behov. Vi minner om at Husbanken gjev tilskot til kommunane til ulike føremål og målgrupper.

Støy

Retningslinje T-1442/2016 for behandling av støy i arealplanlegging skal leggjast til grunn av kommunane i planlegginga deira. Der går det fram at alle nye reguleringsplanar bør vise tilgjengelege støysonekart innanfor planområdet på eigna måte. Dersom det er fastsett omsyns-soner i kommuneplanen, skal desse leggjast til grunn for utarbeiding av reguleringsplanar.

Der er vidare krav til at ein så tidleg som mogleg i planprosessen skal gjere støyfaglege utgreiingar, der støynivå vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt i kart for representative høgder (t.d. ved fasadar og uteopphaldsareal). Vi viser elles til støygrensene som går fram av tabell 1 i retningslinjene.

Landbruk

Vern av jordressursane er ein føresetnad for å nå målsetjingar om mattryggleik og auka matproduksjon. Den nasjonale jordvernstrategien har som mål at det årleg skal omdisponerast mindre enn 4000 dekar dyrka jord i Noreg fram mot 2020. Kommunane har eit klart ansvar for at det nasjonale jordvernålet vert nådd. Vi viser elles til nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging der det går fram at kommunane bør trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande LNF-område.

Naturmangfald

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Verna vassdrag

Kommunane må legge til grunn dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag T-1082 i planlegginga si for å oppnå dei nasjonale måla for forvaltninga av desse vassdraga. Ein

må då legge vekt på vernevedtaket og vassdraget sin verneverdi.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med venleg helsing

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
kommunal- og samfunnsplanavdelinga
tlf: 55 57 23 52
www.fylkesmannen.no/Hordaland
[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)
[Send melding til Fylkesmannen](#)